

## Samtykkeerklæring for publisering av bilete

---

Eg gir med dette samtykke til at Sogn og Fjordane fylkeskommune og

vidaregåande skule kan nytte bilete av meg som illustrasjon til informasjon om fylkeskommunen og skulen si verksemd så lenge eg er elev ved ein fylkeskommunal skule. Bilete som vert nytta skal vere tekne i skulesamanheng. Eg godtek at det kan vere mogleg å kjenne meg att på bileta.

Fylkeskommunen og skulen følgjer [personopplysningslova](#) og [åndsverklova](#) ved publisering av bilete, og skal alltid vurdere om det er etisk rett å bruke dei.

Bilete av meg kan: (klikk i ruta)

- trykkast i informasjonsmateriell om fylkeskommunen og skulen.
- brukast som illustrasjon i presentasjonar og foredrag i regi av fylkeskommunen og skulen.
- brukast som illustrasjonar til informasjon på fylkeskommunen og skulen sine nettsider og offisielle sosiale mediekkanalar.
- bli nytta av media som pressefoto, på nett eller trykk, i stoff om fylkeskommunen/skulen.

Eg er informert om at eg kan trekkje samtykket attende når som helst. Fylkeskommunen eller skulen skal då slette bilete av meg i biletarkivet og fjerne bilete av meg som er publisert på fylkeskommunen sine nettstadar og offisielle kanalar i sosiale medium.

Dersom eg ønskjer å trekkje attende samtykket mitt, tek eg kontakt med rektor ved skulen.

Denne erklæringa er underteikna i to eksemplar, eitt til skulen og eitt til meg.

Dato og stad:

Namn:

Fødselsnr:

Underskrift: \_\_\_\_\_